


Handlingsplan for SFO

Skuleåret 2023-2024



Frøyland skule

Innholdsfortegnelse

1. Innleiing	3
Organisering ved SFO-avdelinga.....	3
2. Skulen sin visjon og SFO sitt verdigrunnlag	4
3. Skulen sitt pedagogiske grunnsyn, elevsyn og læringssyn	4
4. Vaksenrolla på SFO	5
5. Samarbeid og forventningar.....	5
Samabeid mellom SFO og heim.....	5
Samarbeid mellom skule og SFO	6
6. Innhald og arbeidsformar.....	7
Inkludering i SFO.....	7
Hovudområda.....	7
Digital dømekraft.....	8
Medverknad og barnets stemme	8
7. Utviklingsområder og utviklingsarbeid.....	8
Organisajonslæring og egenvurdering	9
 9. Praktiske opplysningar	11

1. Innleiing

Opplæringslova § 13 -7 pålegg alle kommunar å ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid for 1. - 4. trinn og for barn med særlege behov for 1. -7. trinn. Frå hausten 2021 blei det innført ein nasjonal rammeplan for skulefritidsordninga. Rammeplanen er ei forskrift med heimel i § 13-7 opplæringslova.


I §13-7 i opplæringslova kjem mandatet i SFO til uttrykk:

«Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.»

Rammeplanen for SFO slår fast at SFO skal bygge sin praksis på grunnleggande verdiar som er felles for barnehage og opplæringa. SFO tilbodet er ei forlenging av skuletilbodet og skal reflektera dei same haldningane og verdiane som gjeld i skulen. Verdigrunnlaget skal formidlast og praktiserast i alle delar av arbeidet i SFO og prega både innhald og arbeidsmåtar.

Time kommune utforma ein Kvalitetsplan for skulefritidsordninga i Time. Kvar skule skal ut frå Rammeplan for SFO og kvalitetsplanen laga ein handlingsplan for skuleåret. Handlingsplanen skal vise korleis rammeplanen blir sett ut i livet ved den enkelte SFO.

Organisering ved SFO-avdelinga



Rektor er ansvarleg leiar på Frøyland skule. Ansvar for SFO er delegert til dagleg leiar på SFO. SFO har dagleg leiar, 2 baseleiarar og 11 andre medarbeidarar.

Dagleg leiar har økonomi og turnus– ansvar, ansvar for opptak, endring av tid, oppseiing og utviklingstid på personalmøtene. Avdelingsleiarane har ansvar for den daglege drifta saman med dagleg leiar.

Føresette kan kjøpa eit tilbod på 5, 4, 3 eller 2 dagar pr veke. 2 månader oppseiingstid av SFO plass eller redusering av dagar.

SFO har 2 basar. Base 1= 1.klasse. Bruker areala med 1.klasse. Base 2: 2-7.klasse. Har egne sfo rom i c-bygg. Me har og restauranten, aula og hallen til disposisjon.

SFO er open 11 månader i året, stengt heile juli. SFO har 4 planleggingsdagar i løpet av SFO-året.

2. Skulen sin visjon og SFO sitt verdigrunnlag

Time kommune sin visjon er «**Trygg og framtidsretta**»

Frøyland skule og SFO sine verdier er «**Fargerik og kunnskapsrik**»

3. Skulen sitt pedagogiske grunnsyn, elevsyn og læringssyn

Pedagogisk grunnsyn

På Frøyland skule arbeidar me mot felles mål, er likeverdige og har felles ansvar.

Alle har noko å tilføra. Alle er inkludert.

Elevsynet vårt	Læringssynet vårt
<ul style="list-style-type: none">Elevane har lærings- og utviklingspotensiale og har rett til å bli sett, høyrte og bekrefte.	<ul style="list-style-type: none">Barn lærer på ulike måtar og i ulikt tempo, gjennom gode opplevingar og ved å få vera aktive sjølv. Barn lærer i samhandling med andre.

4. Vaksenrolla på SFO

Vaksenrolla på SFO
<ul style="list-style-type: none">Barna skal oppleve tryggleik, omsorg, respekt, likeverd og tillit.
<ul style="list-style-type: none">Barna skal oppleve tydelege vaksne som leiar og tek ansvar for kvaliteten i all samhandling.
<ul style="list-style-type: none">Me skal ha klare, tydelege reglar og rutinar på SFO
<ul style="list-style-type: none">Me ser kvart enkelt barn og gjer dei hjelp og rettleiing.
<ul style="list-style-type: none">Me skal gi barn moglegheiter til å kjenne på medverknad.
<ul style="list-style-type: none">Me ønskjer å ha eit godt samarbeid om barna, og er imøtekomande og lyttande overfor foreldre.
<ul style="list-style-type: none">Autoritative vaksne

5. Samarbeid og forventningar

Ein skal sjå tilbodet ved SFO og skule i samheng og sikra eit heilskapleg tilbod og gode overgangar som gjer dagen trygg og oversiktleg for barnet. Omsynet til barns beste skal ligge til grunn når SFO samarbeider med føresette, skule, barnehage og andre offentlege instansar.

Samarbeid mellom SFO og heim

For å legge til rette for eit godt samarbeid mellom føresette og SFO er det nødvendig med god dialog og ei avklaringa av forventningane til kvarandre.

På SFO skal me arbeide for		
Kva	Korleis	Kven
At dei føresette får informasjon om kvardagen på SFO	Hente- og leveringssituasjonar Tavle på base 1. Telefon Heimeside Foreldremøte	Alle på SFO Alle på SFO Alle på SFO Dagleg leiar Dagleg leiar
At heimesida skal vera informativ og oppdatert	Leggje ut informasjon	Dagleg leiar
Kvalitet gjennom engasjerte vaksne som har oversikt og viser omsorg for kvart enkelt barn	Den vaksne ser barnet Den vaksne deltek i leiken Den vaksne viser barnet respekt Den vaksne viser barnet omsorg	Alle på SFO
At dei føresette vert møtt på ein høfleg måte av tilsette som viser respekt og er imøtekomande.	Den vaksne ser dei føresette Den vaksne høyrer på føresette Den vaksne tek lyttande kontakt med føresette	Alle på SFO
At dei føresette får jamleg informasjon om kva som skjer på SFO	Månadsplan/aktivitetsplan Bilete på heimesida	Dagleg leiar

På SFO forventar me at dei føresette	
•	Bidreg til eit positivt miljø ved å vera bevisste på korleis ein omtalar SFO.
•	Gir beskjed om forhold som kan bety noko for korleis barnet trivst. Då vil personalet kunna følgja opp barnet og gje ekstra omsorg.
•	Respektere opningstidene
•	Følgjer med på informasjon frå SFO på mail, visma appen og på skulen si heimeside.
•	Gir beskjed innan oppsette fristar for skulen sine ferie- og fridagar, slik at SFO kan planleggje ein god bruk av personalet.
•	Møte på foreldremøta
•	Tar ein sjekk i garderoben med jamne mellomrom

Samarbeid mellom skule og SFO

Skule og SFO jobbar ut frå same verdigrunnlag og pedagogiske plattform. Saman skal ein sikre gode overgangar og eit best mogleg heilskapleg tilbod.

Samarbeid SFO - skule		
Kva	Korleis	Kven
Dagleg kontakt med lærar	Hentesituasjonar	Alle
Sambruk av rom	Felles bruk av klasserom	Alle
SFO har 4 planleggingsdagar	14. og 15.august 2.januar 2.april	Rektor Dagleg leiar
Baseansvarlig møte	Møte ¾ time kvar veke	Dagleg leiar Baseleiarar
Personalmøte	Møte 1 time kvar veke	Dagleg leiar Alle tilsette
Informasjon om SFO til neste års 1.trinn	Er med på innskriving 1.klasse og foreldremøte i mai	Rektor Dagleg leiar
SFO har eige foreldremøte kvar haust		Dagleg leiar Baseleiarar
Medarbeidarsamtale	Årleg samtale med personalet	Rektor

6. Innhald og arbeidsformar

Inkludering i SFO

Inkludering		
Kva - målsetting	Korleis	Kven
Alle barna skal føle tilhørighet	Sjå alle, passe på at alle har nokon å vera med.	Alle vaksne
Barna lærer og respekterer at alle er forskjellige	De vaksne er rollemodeller, legg tilrette og inspirerer	Alle vaksne
Ha ulike aktivitetar som er for alle	Tilby ulike aktivitetar i løpet av veka.	Alle vaksne

Hovudområda

Leik		
Kva - målsetting	Korleis	Kven
Alle skal få moglegheit for deltaking i leik og oppleve mestring	Valfri leik. Tilby ulike inne- og uteleiker	Alle vaksne
Legge til rette for leik som skapar vennskap.	Dei vaksne observerer, rettleiar og støttar barn i leik.	Alle vaksne
Skape eit godt leikemiljø	Sjå kva behov denne barnegruppa har.	Alle vaksne

Kultur		
Kva - målsetting	Korleis- arbeidsform og aktivitet	Kven
Få utfolde seg med musikk og dans	Fast musikk- og danseaktivitet i veka. «Syng deg glad»	Alle vaksne Camilla og Kirsten
Utfolde seg kreativt	Male, klyppe, lime, perle, teikne	Alle vaksne
Vise at me har mange ulike nasjonalitetar på sfo	Male flagg, verdskart, feire dei ulike nasjonaldagane	Alle vaksne
Vita om samenes nasjonaldag	Flagg, snakke om, musikk, mat	Alle vaksne
Drama gruppe	Koffert med utkleddingsklær	

Fysisk aktivitet og bevegelsesglede		
Kva - målsetting	Korleis- arbeidsform og aktivitet	Kven
Det skal leggjast til rette for alle barna på SFO får høve til å utfalda seg fysisk kvar dag	Vi legg til rette for og oppmuntrar til fysisk aktivitet kvar dag. Uteleik er alltid blant aktivitetane. Faste timar i hallen. Dei vaksne deltek i ulike aktivitetar. SFO har utstyr som fremjar fysisk aktivitet. Dans og musikk	Alle vaksne

Mat og måltidsglede		
Kva - målsetting	Korleis- arbeidsform og aktivitet	Kven
Barn utviklar gode matvaner og opplever glede og fellesskap ved å ete saman.	Dei vaksne sit saman med barna og rolege samtaler rundt borda er i fokus. Hygiene og matro er ein del av måltidet.	Alle vaksne
Måltidet skal være eit pusterom, for både barn og vaksne. Eit pusterom i rolige omgivningar der råvarene og maten er i fokus.		Alle vaksne
Stimulere sansane ved hjelp av smak, lukt, farge, konsistens og form.	Vi er opptekne av at barn gjerne prøver nye råvarer/retter og det er alltid mogeleg å få smaka litt av nye ting.	Kokken og alle vaksne
Ikkje kaste for mykje mat	Snakke om viktigheten av å ikkje forsyne seg med meir mat enn ein klarar.	Alle vaksne

Digital dømekraft

Korleis jobbar me på vår sfo med dette: Held aldersgrense. Ingen bruk av skule Ipad i sfo tida.

Kva tilbod får elevane: Dans, musikk og film.

Medverknad og barnets stemme

I SFO skal barna ha stor medverknad på tilbodet. I vår SFO vil me sikra at barna blir høyrd og får medverka gjennom:

Me er opptatt av det er barns fritid og dei mest mogleg skal bestemme sjølv over sfo dagen sin.

Leik inne og ute.

Aktivitetar

Matsituasjonen

Barnesamtalen

3-4.klasseklubb

7. Utviklingsområder og utviklingsarbeid

For å sikra god kvalitet på tilbodet i SFO er det viktig at dei tilsette har ei kontinuerleg kompetanseutvikling. Det skal leggjast til rette for kompetanseheving for dei tilsette. Kapittel 6.1. rammeplan for SFO slår fast at:

«SFO skal være et fellesskap og en lærende organisasjon som jevnlig vurderer og videreutvikler sin praksis. SFO skal legge til rette for at hele personalet reflekterer over faglige og etiske spørsmål i tilknytning til rammeplanens verdier og innhold og hvordan de kan være gode rollemodeller for barna.»

a) Skulen sitt utviklingsområde: Elevmedverknad og Lesing

Det skal vera samanheng mellom utviklingsområda på skulen og SFO. SFO kan gjennom sine arbeidsformar og aktivitetar forsterke utviklingsområda som er valt for skulen.

Resultatmål	Tiltak	Når/ kven
Stor grad av elevmedverknad	Tilretteleggje for ulike val	Kvar dag. Alle vaksne.
Skape leseglede	Bruk av bibliotek. Lesebrosjyrer	1 gong i veka. Alle vaksne

b) Brukarundersøkinga skuleåret 22/23

I brukarundersøkinga skuleåret 22/23 kom det fram at SFO ved Frøyland skule scora høgare på alt frå sist undersøking. Me er godt nøgd med både svarprosent og svarscor.

På grunnlag av denne undersøkinga har me difor valt mål me vil jobbe mot dette skuleåret.

Resultatmål	Tiltak	Når/ kven
Informasjon om korleis barnet har det på sfo	Fortelje om situasjonar ved henting. SFO skriv i visma før utviklingssamtalen i skulen.	Alle vaksne Baseansvarleg/ sfo leiar
Trivsel	Tilbod om fleire leiker og aktivitetar inne og ute.	Kvar dag. Alle vaksne.

c) Utviklingsmål for SFO-året

Haugt 2022 gjorde personalet i SFO ei vurdering av eige praksis sett opp mot kvalitetskjenneiteikna i kvalitetsplanen, egne observasjonar og tilbakemelding frå barna.

På grunnlag av denne vurderinga har me dette SFO-året valt følgande utviklingsmål:

Resultatmål	Tiltak	Når/ kven
Elevmedverknad	Barnesamtalen	Alle vaksne
	Tilby ulike aktivitetar kvar dag	
	Bevisstgjerjing av eigne val	

Organisasjonslæring og egenvurdering

Dei tilsette i SFO skal gjennom året reflektera og vurdere eigen praksis opp mot kvalitetskjenneiteikn, målsettingar, egne observasjonar og tilbakemeldingar. Det skal setjast av tid i arbeids- og utviklingsmøta til dette.

Tidspunkt	Tema/ evaluering	Arbeidsform
August 2023	Handlingsplan	IGP
November 2023	Relasjonskartlegging	IP
Februar 2024	Handlingsplan	IGP
Mai 2024	Evaluer handlingsplan	IGP

8. Årshjul

Årshjul SFO	
Månad	Aktivitet
August	1. – 16. august: Sommar SFO 14. og 15. august: Planleggingsdag – SFO er stengt Bli kjent. Leik inne og ute.
September	Foreldremøte Storsamling ute
Oktober	9. - 13. oktober: Haustferie med aktivitetar 27.oktober - spøkedag
November	17. november: Skulefri, sfo åpen Fellessamling Juleaktivitetane startar
Desember	Juleaktivitetar 19.desember: Nissefest 20. desember: Juleavslutning med julefilm. 21.des-29.des – juleferie, sfo open, eige program 2.januar: Planleggingsdag, sfo stengt
Januar	Vinterdag Foreldremøte nye 1.trinn
Februar	6.februar Samenes nasjonaldag Karneval 26.feb. – 1.mars: Vinterferie med aktivitetar
Mars	Våraktivitetar Påskeaktivitetar 25.-26.mars – påskeferie med aktivitetar
April	2.april: Planleggingsdag, sfo stengt Aktivitetsdag
Mai	10.mai: skulefri, sfo open 17.mai feiring Foreldremøte nye 1.trinn
Juni	Foreldrecafe Sommarfest Ferieklubb i veke 26 – eige program
Juli	Sommarferie: SFO stengt

9. Praktiske opplysningar

Opningstider

- SFO er open mellom kl. 07.15 – 16.00.
- SFO har 4 planleggingsdagar, då er SFO stengt. 14. og 15.08.23, 02.01.24 og 02.04.24.
- Juli er feriemånad - då er SFO stengt.

Rutinar

- Barna blir kryssa inn i Visma systemet sfo bruker etter siste økt på skulen. Og ut når dei går heim.
- Barn som skal ut, må skriva seg opp/magnetar – og kryssa seg ut når dei kjem inn att.
- Aktivitetar som ikkje er kvar dag vert sett opp på tavla på basen, der barna kan skriva seg på.
- Base 2 har valfri etetid innan ei gitt tidsramme.

Klede

- Alle barn må ha klede etter vêret. Me er ute kvar dag. Hugs skifteklede
- Alle klede må merkast.

Mat

- Barn som kjem før kl. 08.00 kan få frukost.
- Kvar ettermiddag blir barna servert eit måltid i Restaurant Matglede
- I restauranten står det alltid eige bord med oppkutta frukt og/ eller grønsaker tilgjengelig.
- I løpet av ei veke vil det normalt vera 3 dagar med brødmat med assortert utval av pålegg.
- Dei resterande 2 dagane vil det verta servert enkle varmretter.
- Ved spesielle høve/ferier o.l. kan det være små avvik frå dette.